



## Møtebok

---

**Utval:** Fjordane interkommunalt politisk råd  
**Møtestad:** Digitalt  
**Dato:** 06.02.2026  
**Tid:** Kl. 11:00 - 12:30

---

### Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde  
Arnar Kvernevik  
Bengt Solheim-Olsen  
Gunn Åmdal Mongstad  
Jenny Følling  
Kjell Eide  
Leif Jarle Espedal  
Ole André Klausen  
Per Kjøllesdal  
Petter Sortland  
Judith Margrete Kvåle

### Parti

AP

Møteleiar: Leif Jarle Espedal

## **Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
26/001	Godkjenning av innkalling og sakliste
26/002	Godkjenning av møteprotokoll
26/003	Referatsaker
26/004	Orienteringssaker 06.02.26
26/005	Årsrekneskap 2025
26/006	Handlingsplan 2026
26/007	Årsmelding 2025



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 26/10519  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 30.01.2026

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/001	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

### Godkjenning av innkalling og sakliste

**Leiar si tilråding:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:

**Handsaming:**

**FIPR- 26/001 Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 26/2367  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 21.01.2026

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
26/002	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

### Godkjenning av møteprotokoll

**Leiar si tilråding:**

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

**Vedlegg i saka:**

08.12.2025      Protokoll - Fjordane interkommunalt politisk råd -      1806872  
03.12.2025

### Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:

**Handsaming:**

**FIPR- 26/002 Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 26/10520  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 30.01.2026

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/003	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

### Referatsaker

**Leiar si tilråding:**

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

**Underliggende saker:**

- 1, Kvittering på innsendt svar på Fjordane IPR - redusert nedre grense i grunnrenteskatten og naturressursskatten for vasskraft
- 2, Kvittering på innsendt svar på Fjordane IPR- forslag til ny postlov
- 3, Kvittering på innsendt svar på Fjordane IPR og Sunnmøre regionråd - framtidens transportsystem langs kysten

**Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:**

**Handsaming:**

**FIPR- 26/003 Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-033  
 JournalpostID: 26/2381  
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
 Hatlenes  
 Dato: 21.01.2026

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/004	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

## Orienteringssaker 06.02.26

1. **Formannskapskonferansen 2026**
2. **Møtekollisjon-** rådsmøte 8. april

Forslag om å endre dato til 15. april.

3. **Arendalsveka-** forespørsel om deltaking
4. **Vidareføring av Fjordane IPR-** status på vedtak i kommunane
5. **Invest in Fjordane-** framdrift i kommunane
6. **Høyring-** forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunene (frist 7. april)
7. **Vern av Sognefjorden**
8. **Uttale til Helse Førde-** korleis arbeide vidare?

**Leiar sitt framlegg til vedtak:**

Rådet tek orienteringane til vitande.

**Vedlegg i saka:**

30.01.2026	Å bygge sjukehus for framtida - uttale til Helse Førde	1823980
30.01.2026	Marint Vern av Sognefjorden	1823981

**Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:****Handsaming:****FIPR- 26/004 Vedtak:**

Rådet tek orienteringane til vitande med desse kommentarane;

1. Legg til orienteringssak om Nasjonal Mineralkonferanse i Førde - invitasjon vert sendt ut til

alle i rådet.

2. Legg til orienteringssak om høyringssvar på kommunekommisjoen (2026: 1) - ber om at det vert utarbeidd eit høyringssvar
3. Endring av møtedato for neste rådsmøte frå 8. april til 15. april.
4. Rådet ber om at arbeidsutvalet legg ein plan for gjennomføring av Arendalsveka 2026
5. Manglar eit vedtak før ny samarbeidsavtale er gyldig og vidareføring av Fjordane IPR.
6. Rådet ber om at det vert utarbeidd høyringssvar på forskrift av overnattingsavgift til kommunane
7. Ordførarane som ønskjer å slutte seg til uttale om Vern av Sognefjorden tek kontakt med ordførar i Høyanger.
8. Rådet ber arbeidsutvalet følgje opp arbeidet med Helse Førde, med særleg fokus på finansiering av prehospitale tenester.



Arkiv: FE-033  
 JournalpostID: 26/2391  
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
 Hatlenes  
 Dato: 21.01.2026

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
26/005	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

### Årsrekneskap 2025

#### Bakgrunn for saka:

Årsrekneskapen for 2025 skal i følge vedtekne til handsaming i representantskapsmøte. Stad kommune er vertskommune for Region Fjordane og har no avslutta rekneskapen for 2025. Årsrekneskapen viser at det er positivt resultat og fondsmidlane har auka som ein disponerer har auka vesentleg.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapen for 2025 slik den er lagt fram.

#### Vedlegg i saka:

28.01.2026      Årsrekneskap 2025 - Fjordane IPR      1823448

### Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:

#### Handsaming:

#### FIPR- 26/005 Vedtak:

#### Framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapen for 2025 slik den er lagt fram.

#### Saksopplysningar:

I 2025 kom inntektene til Fjordane IPR frå kommunane gjennom medlemskontingent på 50.000 NOK, fylkeskommunalt tilskot 600.000 NOK og 80.000 NOK til drift av kompetanseforum Fjordane. I tillegg fekk ein overført, etter at budsjettet var vedteke, 750.000 kr frå Statsforvaltar til gjennomføring av to

forstudiar. Det er desse midlane som ligg til grunn for drift og den samla årsresultatet for denne tenesta.

Representantskapet vedtok eit budsjett for 2025 med ei ramme på 1 630 000 NOK. Med eit utgangspunkt i å bruke 400.000 NOK av oppsparte midlar for å auke opp ressursane til 100%. I 2025 har ein haldt fast ved å ha 50% stilling noko som vil gje eit positivt utslag på årsrekneskapen for 2025 og bruken av fondsmidlar. I vedlagt årsrekneskap ser ein at det er utgifter til lønn og reiseutgifter, gjennomføring av møter og arrangement og drift som er hovudutgiftene til Fjordane IPR. Ved årsslutt viser Fjordane IPR sitt driftskostnadar er på om lag 1 200 000 NOK med 50% stilling. Det samla resultatet for tenesta er 926 838 NOK som vert overført til fond, dette inkluderer overføringa frå Statsforvaltar på 750 000 NOK.

## Fondsmidlar

Fjordane IPR har tre fondskontoar, to av desse er knytt til prosjektskjønn frå Statsforvaltar og det siste er fritt disposisjonsfond som er bygd opp gjennom positive resultat frå føregåande år. Det frie fondet hadde ved årsskifte 2024- 2025 ein saldo på 874. 324 og ved årsslutt ei auke til 1.051.000 kr.

Fondskonto		1.1.25	31.12.25
6172	Forstudie brann og redning	0	500 000
6171	Kommunen si rolle som reiselivsutviklar	0	250 000
6170	Fritt disposisjonsfond	874 324	1 051 163
			<b>1 801 163</b>

I løpet av 2026 må ein rekne med bruk av fondsmidlane som er knytt til prosjektskjønn, utover dette har regionrådet ein god buffer til uføresette arrangement og prosjekt som ein ønskjer å ta del i.



Arkiv: FE-033  
 JournalpostID: 26/2393  
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
 Hatlenes  
 Dato: 21.01.2026

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/006	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

### Handlingsplan 2026

#### Bakgrunn for saka:

Representantskapet skal vedta handlingsplan for Fjordane interkommunalt politisk råd for det kommande året. Planen skal vise retning på prioriterte arbeidsområdet som er viktig for regionen.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet tek handlingsplanen til vitande og legg til dei merknadane som kjem til i møtet.

#### Vedlegg i saka:

30.01.2026 Handlingsplan og aktivitetsmål 2026 Region Fjordane 1823983

### Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:

#### Handsaming:

#### FIPR- 26/006 Vedtak:

#### Framlegg til vedtak:

Representantskapet tek handlingsplanen til vitande og legg til dei merknadane som kjem til i møtet.

#### Saksopplysningar:

Fjordane interkommunale politiske råd går inn i sitt tredje ordinære driftsår og har modnast ved å finne regionale saker som ein står saman om. Utviklingsplan 2023-2024 vart utarbeidd som ein oppstart av samarbeidet for å finne form og retning. Etter kvart som ein har diskutert fellespolitikk og felles utfordringar ser ein at utviklingsplanen 2023-2024 er noko utdatert og har behov for ei revidering.

Under arbeidet med handling- og aktivitetsplan for 2026 har arbeidsutvalet drøfta at det kan vere tenleg å lage ein revidert utviklingsplan for Fjordane. Difor har ein valt å legge inn eit punkt om å utarbeide ein utviklingsplan som gjeld for 2026-2028 som samsvarar med dei satsingane som ligg til grunn.

Arbeidsutvalet har drøfta at ein må ferdigstille dei to satsingane, kraft og samferdsel, før ein går i gang med nye prosjekt. Det vil vere naturleg at ein legg Invest in Fjordaneinn, dersom kommunane går inn for vidareføring av denne satsinga. Det andre punktet som ein har drøfta er knytt til helse, i lys av dei prosessane i Helse Førde, er det nødvendig å finne gode former samhandling som gjev medverknad. Det vil vere relevant å drøfte dette under saka. I tillegg til desse innspela har ein valt å legge ved prosjektsøknadane i ein eigen bolk for å at dette skal vere synleg.



Arkiv: FE-033  
 JournalpostID: 26/2383  
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
 Hatlenes  
 Dato: 21.01.2026

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
26/007	Fjordane interkommunalt politisk råd	06.02.2026

### Årsmelding 2025

#### Bakgrunn for saka:

Årsmelding for 2025 skal i følgje vedtektene opp som sak i representantskapsmøtet. Årsmeldinga blir lagt fram til godkjenning for representantskapet/rådet.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet tek årsmeldinga 2025 til vitande.

#### Vedlegg i saka:

30.01.2026 årsmelding 2025 Fjordane IPR 1823982

#### Fjordane interkommunalt politisk råd 06.02.2026:

#### Handsaming:

#### FIPR- 26/007 Vedtak:

#### Framlegg til vedtak:

Representantskapet tek årsmeldinga 2025 til vitande.

#### Saksopplysningar:

Årsmelding 2025 gjev eit bilete av aktivitetar og saker som ein har arbeidd med i Fjordane interkommunale politiske råd. Årsmeldinga kan lesast i sin heilskap i vedlegget.

